



## **Styret si årsmelding for driftsåret 2013 – 2014.**

Årsmeldinga dekkjer tidsromet mellom årsmøta i 2013 og 2014 (april 2013 og mars 2014). Rekneskapan er for kalenderåret 2013. Budsjettet for kalenderåret 2014 er godkjent av styret i samsvar med vedtektene.

### **Verksemda og foreininga sitt formål**

Verksemda vart skipa i 1969 under namnet Verkstadforeininga i Ulstein distrikt, seinare endra til Maritim Forening for Søre Sunnmøre med kortnamnet MAFOSS.

Medlemsbedriftene kjem frå kommunane Hareid, Ulstein, Herøy, Sande, Ørsta, Volda og Vanylven. MAFOSS har som primær oppgåve å fremje interessene til den maritime næringa og styrke konkurranseevna til næringa.

Gjennom kurs og anna opplæring skal MAFOSS arbeide for å styrke rekrutteringa og heve det faglige nivået i verksemdene. Ved medlemsmøte og samvær elles, skal MAFOSS utvikle den personlege fellesskapen (§ 1 i MAFOSS sine vedtekter).

### **Styret**

Styret har vore samansett slik: Ingebjørg Rønning, Rolls-Royce Marine AS (leiar), Per Øvrelid, Kleven Verft AS (nestleiar), Hege Kårete Hamre, Furene AS (styremedlem), Kjell Atle Gjølringbø, Servi Ulsteinvik AS (styremedlem), Tommy Walaunet, Island Offshore Management AS (styremedlem), Runar Muren, Ulstein Design & Solution AS (styremedlem) og Kenneth Langvatn, HG Marine Electronics AS (styremedlem).

Desse har vore vararepresentantar: Tore Roppen, Kleven Verft AS, Terje Wefring, Ulstein Elektro Installasjon AS, Roar Stenersen, Kongsberg Evotec AS/MMC AS (Havyard), Dag Skarbø, Rolls-Royce Marine AS, Oddbjørn Følsvik, Scana Volda AS, Geir Holstad, ABB Ulsteinvik AS og Laila Hammervold, Marin Teknikk AS.

### **Verksemda**

Driftsåret har stort sett vore eit nytt godt år for bedriftene i den maritime bransjen. Verfts næringa har hatt stabil god aktivitet sjølv om ordreinngangen har vore noko forskjellig rundt om i landet. I vårt område har den vore god. Også utstysleverandørane melder om litt varierende ordreinngang, medan reiarlaga melder om høg aktivitet og god ordreinngang, særleg i siste halvdel av 2013 og hittil i 2014. Oljeprisen er framleis stabil. Det er imidlertid komne nokre mørke skyar i olje- og gassindustrien. Store aktørar som t.d. Statoil og Aibel har varsla oppseiingar av tilsette grunna stor kostnadsauke og forventningar om lågare aktivitet i Nordsjøen komande år. Norsk Industri seier i ein uttale at ein må rekne med at dette vil skje også i andre bedrifter i tida som kjem.

I følgje klyngeanalysen til Arild Hervik og Oddmund Oterhals for 2013 var det ved utgangen av året ein ordreserve på ca. kr. 25 mrd. for skipsverfta i M&R, ca. kr. 17,5 mrd. for leverandørane og ca. 1,1 mrd. for skipskonsulentane. Dette er ein samla auke på ca. 11,5% frå året før. Ca. 65 % av ordreservane er knytt til bedrifter i MAFOSS-området.

I 2013 er framleis innovasjon, kunnskap, kompetanse og rekruttering viktige stikkord for våre bedrifter. Dette er også hovudstikkorda i den viktigaste saka i MAFOSS sin strategiplan som styret vedtok hausten 2013. Den andre saka gjeld infrastruktur/samferdsel. Utvala og administrasjonen har sett disse sakene høgt på prioriteringslista og er avspeгла i handlingsplanen for 2014.

Vi har i driftsåret arbeidd vidare med KR-prosjektet (kompetanse/rekruttering). Dette arbeidet resulterte i ein eigen aktivitetsplan (som er del av MAFOSS sin eigen plan). Eit anna stort tiltak som vi var delaktige i, var Ocean Talent Camp. Dette tiltaket held fram i 2014 med endå større tyngde og breidde. MAFOSS vil halde fram med å samordne tiltak med andre organisasjonar der dette er føremålstenleg. Særleg gjelder dette organisasjonane på Søre Sunnmøre og dei øvrige maritime organisasjonane.

Av andre oppgåver som MAFOSS har hatt fokus på i driftsåret kan nemnast kontakt med styresmakter og politikarar. Hafast er framleis vårt «store» prosjekt.

Styret har mellom årsmøta hatt 6 styremøte og handsama 47 saker.

## **Økonomi**

Foreininga har ein god og trygg økonomi der årsresultatet for 2013 vart eit overskot på kr 132 890,-. Eigenkapitalen er ved årsskiftet kr. 1 968 400,-. Styret foreslår at overskotet vert tillagt eigenkapitalen.

## **Administrasjon/arbeidsmiljø**

Det er to tilsette (to årsverk) i foreininga. Terje Høybakk er dagleg leiar. Foreininga har kontor i det maritime miljøet på Stålhaugen (Borgstein-bygga) i Ulsteinvik.

Arbeidsmiljøet er godt.

## **Vegen framover**

Foreininga har framleis mange oppgåver som medlemmene ønskjer foreininga skal ha fokus på. I vedteken strategiplan er disse oppgåvene prioriterte: Samferdsel/infrastruktur, kompetanse/rekruttering/utdanning, politisk påverknad og legge til rette for møteplassar. Det er også disse oppgåvene som har hovudfokus i foreininga sin arbeidsplan for inneverande år.

Ulsteinvik, 19. mars 2014

Ingebjørg Rønning  
Styreleiar (Sign)

Per Øvrelid  
(Sign)

Hege Karete Hamre  
(Sign)

Kjell Atle Gjølringbø  
(Sign)

Tommy Walaunet  
(Sign)

Runar Muren  
(Sign)

Kenneth Langvatn  
(Sign)

Terje R. Høybakk  
Dagleg leiar (Sign)